

RUTEBILHISTORISK FORENING

AVD. SUNNMØRE

Velkomen til årsmøte 2021
Rutebilhistorisk Senter EFB
Måndag 7. juni 2021 kl. 1800



Sakliste – årsmøte 2021



1. Opning
2. Val av møteleiar, referent og to medlemer til å skrive under årsmøtereferatet
3. Godkjenning av innkalling
4. Årsmelding 2020
5. Årsreknskap 2020
6. Vedtektsendringar
7. Innkomne forslag
8. Val

Årsmelding 2020



Styret for RHF Sunnmøre har siste året vore

Verv	Namn	Valde for
Leiar	Tor Sindre Grønningsæter	2020/2021
Nestleiar/web-ansvarlig	Jan Arild Refsnes (på val)	2020
Kasserar	Jan Ole Lien	2020/2021
Sekretær	Ola A. Rangsæter (på val)	2020
Styremedlem	Per Birger Eliassen	2020/2021
Styremedlem	Hans Olav Drabløs (på val)	2020
Varamedlem	Petter K. Ulvestad (på val)	2020
Revisor	Frode Drabløs	2020
Revisor	Steinar Hustøft	2020
Valkomité	Bjørø S. Hjelvik, Sigmund Vatne, John A. Storås	2020
Museumsnemnd	Petter K. Ulvestad, Bjørø S. Hjelvik	2020



Årsmelding 2020

Medlemsstatus

pr. 1.1.20:	109 medl.
pr. 31.12.20:	106 medl.
= endring 2020:	- 3 medl.





Årsmelding 2020

Vi rakk akkurat å halde årsmøte 2020 før landet stengde ned, og møtet fann stad på Rutebilhistorisk Senter EFB, laurdag 7. mars 2020.

Styret har gjennom året 2020 hatt digitale styremøte på Teams, samt eit fysisk, og eit hybridmøte med nokre samla på senteret og resten via skjerm.

Saker som har stått på dagsorden:

- Planlagt ulike prosjekt, og søkt stønad, m.a. måling av vegger og tak på senteret
- Drenering ved vestveggen på senteret
- Bank- og forsikringssaker
- Fornya leigeavtalen med anbodsvinnar (Vy)
- Forhandla og inngått avtale med Tanken AS (leigeavtale om bruk av tankanlegget vårt)



Årsmelding 2020




Arrangement og turar

Landsmøtet og RHF Veteranbusstreff 2020 på Oppdal vart avlyst, og samlingar elles har det vore lite moglegheiter til, grunna smittevernet. Vi deltok med Sparegrisen og Sula-trekkaren på turen over Trollstigen som Transporthistorisk Forening arrangerte, og så var Sparegrisen med på SAK sin søndagstur om Nakkedalen og Brattvåg.

Vestoppland Bussveteran feira 25 år i 2020. Denne lokale gruppa i RHF har eige klubblokale ikkje langt frå Gjøvik, og var nysgjerrige på korleis vi har det i våre lokale. Planen var besøk på vårparten, men dette måtte avlysast. I slutten av september vart det endeleg helgetur til Ålesund, med besøk på senteret vårt. Dei besøkande fekk også besøke garasja på muséet, kikka på Emblemsruta, og var innom hos Tommen/Glomsetruten. Av smittevernomsyn vart det ikkje invitert til ope medlemsarrangement frå vår side. (Sjå Rutebil 162 s. 21)





Møre og Romsdal
fylkeskommune

Årsmelding 2020

Køyreoppdrag i året som gjekk

.... ja, dei gjekk i vasken grunna pandemien!

Til å hjelpe oss med å kunne betale på lånet vårt til bygget, har vi leigeinntektene frå stasjoneringa til Vy. Saldo på lånet er pr. no omlag kr. 850 000,-.

«Koronapengar» har ikkje vore innretta slik at det har vore aktuelt for oss å søkje. Men når det er harde tider for sosiale, frivillige kulturvernaktivitetar, er det desto meir verdfullt å ha ein fast, offentleg stønad:

Driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi var i 2020 halvvegs i vår tilskotsperiode 2019-2021, og vil også for 2021 få driftstilskot etter dokumentasjon av drifta vår. Det skal søkast for ny tilskotsperiode hausten 2021, og vi håpar sjølsagt at vår drift framleis vert funnen verdig som mottakar av desse viktige kulturmidlane!

Årsmelding 2020

Vognene våre

- GMC'en T-1505 står på muséet med lekkasje forgasser.
- AEC'en T-1004 parkert inne på senteret, det er søkt midlar fra Kulturminnefondet til oppussing.
- Uhlebusen; her har Mathias Lerstad teke over prosjektet, og køyrt bussen til Sørlandet.
- T-1297 VÅR står på senteret, plate- og dørkarbeid, samt dellakkering er ferdig. Hr. Scania prosjektherre!
- Storfjord UE 49070 er under arbeid på senteret, punkterte ruter++ Refsnesk prosjektleiing.
- På RHS EFB står T-1042 Bedford/Skodjeruta, T-1056 Spjelkavikruta, T-1330 Sulatrekkeren (trailer står i Vågaveien), Sparegrisen, samt UE 49551 Ellingsøybussen.
- T-1047 og 1377 Mørebil står i Furene, begge skal få tømt dieseltank/-system, gjenstridig dieselproblem på bussen. Denne treng framleis understellsbehandling før kjøring på fuktig veg, Lastebilen har vasslekkasje på hytta, truleg ved viskargjennomføring.



Årsmelding 2020

Rutebilhistorisk Senter EFB

- Vy Buss vann nytt anbod i området, og var bestemt på å halde fram stasjonering hos oss, men det tok litt tid før avtalen vart klar. Leigesum for ny periode gjekk litt ned, men er framleis berebjelke i økonomien vår.
- Kjøkenkrok og nytt inngangsparti vart gjort ferdig i 2020, og gjorde bygget mykje betre funksjonelt sett. Utstillingsromet har også fått eit løft, og her er enno ting som skal forbetra og ferdigstilla.
- Det vart sendt søknad om tilskot til senteret som «teknisk kulturminne», for utvendig måling av bygget og taket. Dokumentert med m.a. dronefoto med hjelp frå Kjell Løndal. Fylket fordeler midlar frå Riksantikvaren. Vi har tilsagn om midlar.
- Drenering mot vest frå bygget har vorte forbetra i løpet av 2020.
- Oljeavskiljar, tankar/kummar har vorte tømt for olje, slam og uhumske, så gamle synder er no ikkje noko tema.

Dugnadskveldane vart innstilt etter at smittevernet vart innført våren 2020, men vi håpar at det i alle høve etter sommaren 2021 vil vere mogleg å sette i gang sosiale aktivitetar som dette igjen. Per Birger og Tor Sindre har halde litt arbeid i gang. Vi ser fram til at dugnadane med vognene og senteret kan starte oppatt som vanleg!

Foto til årsmeldinga: Tor Sindre, Ola, og arkivfoto.

